

www.voss.kyrkja.no

Nr 1 | 2024 | 83. årg

KYRKJENYTT

for Vossabygdene



MINNEORD
IVAR MOLDE

4

VÅR NYE
SOKNEPREST
ANNE MARTHE

6-8

JESU SISTE
DAGAR I
JERUSALEM
16-18



Jesus lever, gravi brast

194

T Johan Nordahl Brun 1786

O Bernt Støylen 1904 (N)

M Johann Rudolph Ahle 1664 / Wolfgang Karl Briegel 1687

The musical notation consists of three staves of music. The first staff starts with G major, followed by D/F# major, G major, Em, D, Em, C, Am, D, G. The lyrics for this section are: Je - sus le - ver, gra - vi brast! Han sto opp med gud - doms vel - de. The second staff continues with G major, D/F# major, G major, Em, D, Em, C, Am, D, G. The lyrics for this section are: Trøys - ti står som fjel - let fast, Kris - ti strid og blod skal gjel - de. The third staff begins with G major, Em, A/C# major, D, G/H, D, Am, D, G. The lyrics for this section are: Ly - net blin - kar, jor - di be - ver, gra - vi brast, og Je - sus le - ver!

2 Eg har vunne, Jesus vann!
Mørkheims makt for honom rømde;
Krist or gravi utgang fann
og for evig døden dømde.
Open har eg himlen funne,
Jesus vann, og eg har vunne!

Frå slutten til byrjinga

Andakt av Bengt Arvidsson



Påska er her, og med den kjem ei helsing med håp og fornya liv. Vår tolmodige vandring gjennom den kalde og mørke vinteren får ein ende, og nye tider ligg framfor oss. For våren er meir enn berre ei årstid. Det er ei påminning om Jesu oppstode, og ei påminning om at nye moglegheiter ALLTID ventar på oss.

Ein seier ofte at noko er byrjinga på slutten, men med alt som skjer i påsken vil eg gjerne snu på det. Påsken er slutten på byrjinga! For dei menneska som hadde fylgt Jesus og som stolte på han, såg det ut som hans død skulle verta slutten. No var han jo krossfesta, død og gravlagd og normalt skulle dette vera alt og ingen ting meir!

Peter og dei andre lærersveinane låste seg inne, redde for å verta fengsla og drepne. Andre var glade for at alt var over. Den opprørske mannen, han som stilte så vanskelege spørsmål, han som sa at han var jødane sin konge. No var denne mannen vekke og roa kunne igjen senka seg over Jerusalem, tenkte mange!

Jesus hadde prøvd å fortelje om kva som skulle hende med han, særleg at det ikkje skulle ende med hans død, men ingen hadde forstått kva han meinte. Dette låg langt over kva menneske kan forstå og i dei ulike evangelia kan me lesa: Jesus er ikkje død, han er oppstanden! Og dette er byrjinga til noko heilt nytt!

Jesu død såg ut som slutten, men oppstoda vart i stanen byrjinga.

Dette er stort: Det guddommelege vert menneskeleg, ein død mann står opp att og vert igjen guddommeleg og dette gjer han for oss menneske! For di og mi skuld, for at me skal få del av eit evig liv, og få ein personleg relasjon med Jesus. For at me skal få eit liv med meinung, med moglegheiter og med tilgang til alt Jesus vil gje oss. Det er berre ein ting me treng å gjere, og det er å seia **JA til Jesus!**

Paulus seier i Romarbrevet 10: «For vedkjenner du med munnen din at Jesus er Herre, og trur du i hjartet ditt at Gud reiste han opp frå dei døde, då skal du bli frelst.»

I påska vert dødens makt overvunne. Guds kraft er verksam, og sterkare der den får bu og verka. Me får ta den imot og brukha den.

At Jesus lever i dag betyr mykje; han gjev oss trua på framtida, kjærleik, nærlieik og omsorg.

Påska minner oss om at ingen situasjon er for håplaus eller for dyster til å verta forløyst. Når me ser på naturen rundt oss, der blømande blomar strekkjer seg mot den varmende sola, vert me minna om Guds nåde og skaparkraft. Det som ein gong var dødt, blømer på ny, og såleis får me ei påminning om vårt eige liv, og kan bløma opp att når me overgje oss til Gud.

I denne våren og påsken ser me framover, mot ljósare dagar og ei ny byrjing. La oss vandra i Jesu fotspor, med håp i hjarta og kjærleik i handlingane våre. Gud er med oss, og i hans kjærleik finn me styrke og mot til å møta dei utfordingane som ligg framfor oss. Gjennom Jesu krossfestning og oppstode har han gjeve oss ein ny vår. La oss omfamna den fantastiske gåva og **spreia påskehåp til alle me møter!**

Avslutningsvis med ord frå Martin Lönnebo (svensk biskop):

«Må påskens stora välsignelse tilfalla oss, så som ljuset i mörkrets hjärta, så kom den uppstigande solen, så som livets triumf över döden, Kristus är sannerligen uppstånden från de döda, må hans kraft uppfylla oss.»

Herrens velsigning og ein fin vår og ein riktig God Påske til dykk alle !



Ivar Oddvin Molde 1949 - 2024

Han vaks opp på Molde gard på Dalsøyra i Gulen. Han var eldst av 4 brør. Dei yngre brørne var Jostein, Eivind og Audun, og foreldra hans var Eldbjørg og Olav. Som eldstemann var Ivar odelsgut og kunne verta bonde, men i løpet av gymnasåra i Sogndal kom han på andre tankar. Han vart med i eit aktivt kristent studentlag. Her dukka tanken om presteteneste opp. Teologien som fag og prestetenesta som leveveg vart lokkande. Frå 1970 vart det studiar ved Det teologiske menighetsfakultetet i Oslo.

I studietida møtte Ivar den lærarutdanna oslojenta, Kari. Dei vart gifte og føldre til tre døtrer; Ann Kristin, Else Berit og Hanne Marie. 13. juli i år skulle Ivar og Kari feira gullbryllaup – etter 50 år i ekteskap.

Ivar sa sjølv at om han ikkje hadde vorte prest så ville han arbeidd i skulen som lektor med religion, historie

og språk i fagkrinsen. Dette er spesielt fint for jentene til Ivar å tenke på i dag at det er nett desse faga dei sjølve har interessert seg for og tatt utdanning i.

I Sogndal fatta Ivar også interessa for politikk. Han vart medlem i KrFU og steig fort i gradene. Berre 23 år gammal gjekk han inn i regjeringsapparatet som politisk sekretær i kommunaldepartementet i den tida Lars Korvald var statsminister. Ivar var med i sentralstyret i KrFU, var nestleiar i fleire år før han tok over leiarvervet i 1973 etter Kjell Magne Bondevik, som jo seinare vart statsminister. Han valde å trekke seg tilbake for å prioritere presteyrket, men stod på stortingslista fleire gonger seinare.

I 1978 fekk Ivar si første stilling som sokneprest i Aurland med Flåm, Undredal og Nærøy som sine sokn. I 1983 vart han spurt om å bli stiftskapellan i Bergen og arbeidde på bispekon-

toret i Bjørgvin, mellom anna med biskop Per Lønning, før han i 1989 kom til Voss. Her var han først residerande kapellan. Frå 2008 var han sokneprest for Voss og Evanger fram til han gjekk av som pensjonist i 2016. Det vart 27 år med presteteneste i Voss. På denne tida vigde han 320 par og forretta 1550 gravferder. Ivar sa om seg sjølv at han var ein arbeidsglad prest, og det skjønar me. Eg hugsar då eg kom til Hardanger og Voss prosti. Ivar sa at presteteneste på Voss er ikkje himmelen, men du kjem ikkje nærrare her på jorda.

Ein kollega teiknar eit billete av Ivar som ein truverdig prest med mykje kunnskap og som ein flink formidlar, på sitt stillfarande vis. Sjølv opplevde eg Ivar som forståelsesfull, støttande og at han anerkjente arbeidet eg la ned. Så takk Ivar, for det.

I 2016 vart Ivar vald til «Årets vossing» av lesarane til

Avisa Hordaland, og året etter vart han beden om å halde den offentlege 17. mai-talen – eit ærefullt oppdrag. Her tok han mellom anna opp verdiane som samfunnet vårt er bygde på. Det var også eit poeng i talen at «heim» på nynorsk er eit anna ord for verda me bur i. Han la vekt på dei banda som bind alle saman i eit globalt fellesskap.

Dei siste åra levde Ivar eit roleg pensjonistliv saman med Kari i Kyrkjebø, rett over vegen for Vangskyrkja. Her arbeidde han med bladet «Stille stunder», der tingartalet auka kraftig etter at han vart redaktør. Ivar opplevde også å verte bestefar til tre jenter, som han fekk stor glede av gjennom leik og moro.

Ivar døydde brått og uventa av eit akutt hjart einfarkt i heimen sin 6. februar.

**Arild Hellesøy
Prost i Hardanger
og Voss prosti**

**Tradisjonen tru er det konfirmantane i Vossabygdene som har ansvar
for å samla inn pengar til**


KIRKENS NØDHJELP SIN FASTEAKSJON

I år gjer me det på litt ulikt vis rundt i bygda:

- Det vert tradisjonell bøsseaksjon der konfirmantane går rundt og samlar inn penger på Vossestrand (tysdag 12. mars) og på Evanger og Bolstad (måndag 18. mars).
- I Granvin vil konfirmantane laga informasjon som dei deler ut så langt dei når lokalt og på sosiale medium.
- På Voss vert det ein alternativ aksjon der konfirmantane samlar sponsorar og gjer ulike ting for å samla inn pengar. Det vert lagt ut info i sosiale medium og informert i gudstenestene våre.

**Her kan du støtta
fasteaksjonen:**

**Vipps 2426
SMS VANN til 2426
(300 kr)
Fasteaksjonskonto:
1594 22 87493**



Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon i Vossabygdene



Rachelle og Sanaa er begge glade for at landsbyen Deir El Ghazal no har fått tilgang på reint vann. Vatnet kjem både libanesarar og syriske flyktninger til gode. Straks er det tid for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon, der over 40.000 konfirmantar skal ut å gå med bøsse for reint vatn.

Heilt til 2020 var landsbyen utan vatn.

Dei hadde ein 300 m djup brønn som stod ubrukt fordi det korkje var pengar til straum eller diesel til å drifta han.

Takka vere Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon kun-

ne Kirkens Nødhjelp syte for reint vatn til landsbyen til Rachelle. Dei siste tre åra har vi bygd eit solcellepanel, ein vasstank og kopla til vassrør.

– Vatnet har vore heilt av-

gjerande for landsbyen min, og eg som går så mykje på tur, drikk vatn heile tida, seier Rachelle og smiler bort til Sanaa.

Gjennom Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon,


FAKTA:

• Kirkens Nødhjelp har svart på humanitære behov i Libanon sidan 2013.

• Kirkens Nødhjelp sitt arbeid i Libanon fokuserer på to tema: vatn, sanitær og hygiene; og kjønnsbasert vald.

• Midlar samla inn i fasteaksjonen bidreg til at dette viktige arbeidet kan haldast oppe.

Eg er glad i dei gode samtalane!



I fjar haust byrja Anne Marthe som sokneprest i Ulvik og Granvin. Kyrkjenytt er interessert i å få vita litt meir om kven ho er, og kva for tankar ho har for tenesta si.

Tekst: JAN IVAR RØDLAND/ARNE MOSEFINN

- Eg er vaksen opp i Bergen og har store deler av familien min der. Mannen min heiter Paul Erik Bjerke. Han arbeider i leiargruppa på ein av fregattane i Forsvaret. Me har tvillingar, ein gut og ei jente på 11 år, og ei jente på 20 år. Hoerno i førstegongsteneste i Nord-Noreg. Og me har hund.

- Eg var ferdig utdanna cand. theol. i 2002. Eg har tidlegare arbeidd som ungdomsprest og kyrkjelydsprest. Dei siste 13 åra har eg vore sjukhusprest på Haukeland sjukhus. Det var ein veldig meiningsfull jobb! Eg kom tett på menneske i ulike krisar i livet. Å vera saman i sorg og smerte, men også i gledelege hendingar, er noko av det mest meiningsfulle eg kan gjera i jobben min. Den gode tillitsfulle samtalen kan vera kjelde til ny vekst, gje nye perspektiv på livet og skapa vakre augneblink. Som sokneprest ynskjer eg å bidra til at kyrkja er ein stad me

alle kan koma til, med våre livshistorier, og kjenna oss velkommen.

Kvífor vart det Granvin og Ulvik?

- Mannen min og eg har lenge hatt ein tanke, ein draum om å flytta til Hardanger. Og eg har hatt ein draum om å ein gong vera prest i dette området. No opna det seg ei moglegheit og me bestemte oss for å ta steget og flytta hit med borna våre. Me var heldige og fekk kjøpa eit fint hus i Ulvik i haust.

Du er altså den første kvinnelege soknepresten i Ulvik og Granvin!

- Eg kjenner meg takknemleg! Det er jo historisk sett ei viktig hending og eg opplever at også folk rundt meg ser på det som positivt for kyrkja. I fjar fekk også Bjørgvin bispedøme sin første kvinnelege biskop - det synest eg er veldig flott!

Korleis har du og familien

opplevd å koma hit til Hardanger?

- Me har blitt varmt og godt tatt imot! Skulen, idrettslaget og andre arrangement har gjeve oss som familie gode møteplassar der me har vorte kjende med både born og voksne. Me er veldig glade i å gå i fjellet og å ta ein dukkert i fjorden, og her i desse vakre omgjevnadane kjenner me oss heime!

Me må få avklart, du har Ulvik som etternamn, har det noko med Ulvik å gjera?

- Nei, det har ingen samband. Eg har vorte fortalt at det ikkje er nokon i Ulvik som heiter Ulvik til etternamn. Mitt slektsnamn kjem frå Sørbøvåg i Ytre Sogn. Der vaks min farfar opp på garden Ulvik, ved Åfjorden.

Du har m.a. konfirmant-samlingar med konfirmantane, korleis opplever du møtet med ungdomane våre?

- Eg har vorte veldig glad i konfirmantane! I år er det 2 frå Granvin og 6 frå Ulvik.





Anne Marthe ved altaret
i Granvin kyrkje.



Heile familien Ulvik/Bjerke med hund.

På mange måtar er det verdifullt å vera ei lita gruppe. Det gir oss moglegheit til å verta godt kjende og me kan gje eit variert og tilpassa undervisningstilbod. I slutten av februar skal vi på leir. KRIK arrangerer KonfAction Vest på Framnes VGS i Nordheimsund. Der samlast rundt 200 konfirmantar til mange gøyale aktivitetar både inne og ute, lovsongkveldar m.m. leia av dyktige leiarar. Det ser me veldig fram til både konfirmantane og eg!

Korleis ynskjer du at me i Granvin skal oppleve deg som sokneprest?

- Eg er glad i menneske og eg er glad i dei gode samtalane! For meg er noko av det viktigaste som prest å bidra til at alle kan kjenna seg velkommen i kyrkja, slik livet er. Me trenga dei gode møteplassane der me med tryggleik og tillit kan dela våre livshistorier og koma med tankar og erfaringar om både tru og

tvil. Eg ynskjer å vera tilgjengeleg og eg håpar at eg kan verta godt kjende med både liten og stor i Granvin. For meg er det viktig at gudstenestene er ein stad der me kan kjenna på fellesskap og tilhørsle, til kvarandre og til Gud. Eg håpar

me kan klara å skapa eit godt gudstenestefellesskap saman i Granvin!

Me takkar Anne Marthe for den hyggjelege praten og ynskjer ho og familien alt godt i ny heimbygd.



Frå innsetjingsgudstenesta i Ulvik kyrkje 17. september. Sokneprest Anne Marthe Ulvik og prost Arild Hellesøy.

Jol i kyrkjelyden



Jolatrefest i Evanger kyrkje/helligtrekongersfest

Mange born kom for å hausta jolatreten i Evanger kyrkje, men først gjekk me rundt treet og song dei gode, tradisjonelle jolasalmane. Yngste som var med rundt treet var éin månad gammal, og eldste var godt og vel fylt åtti år. Mange skule- og barnehageborn møtte til festen.



Jol i Oppheim kyrkje.




Jolegrantenning på Bolstad.



Jol i Granvin kyrkje.



Jolaftan i
Bolstadøyri bedehus.



Misjonsprosjektet



Omset Bibelen til gumuz

Kjelde: NMS SIN
ETIOPIA-BLOGG

Gumuz er eit folkeslag i Blånildalens som tradisjonelt har svært låg status i Etiopia.

Gumuzar opplever stadig å verta diskriminerte på mange felt, og dei vert innprenta at dei ikkje er mykje verdt.

Zegeye Belew har leia ei gruppe på tre som har arbeidd i mange år med å omsetja Bibelen til gumuz. Misjonær Klaus-Christian Küspert deltek også i dette arbeidet. Sidan slutten av 2020 har dei arbeidd med Det gamle testamente.

Som forventa starta det heile med skapinga av himmelen og jorda (1. Mosebok). Så kom fleire Mosebøker og nokre historiske bøker. I 2023 hadde teamet nokon «harde nötter» å knekka. Dei starta med 3. Mosebok og heldt fram med Salomos



Zegeye Belew (til venstre) og resten av bibelomsetjingsgruppa.

ordtak; deretter kom Dommarane og Job si bok.

Utfordingane desse bøkene byr på kan vera svært ulike. I 3. Mosebok var det ofte juridiske og administrative termar og førestillingar som var vanskelege å forstå og omsetja. Utfordringa med Salomos ordtak var å finna dei riktige biletta som er forståelege i gumuzkulturen utan å vera for fjerne frå originalteksten. Dommarane derimot, ei lang rekke

krigshistorier med mange gjentakingar, var forholdsvis enkel å omsetja. Job si bok er og full av visdom og byr på store moglegheiter for djupe diskusjonar om Gud og menneske, liv og død. Dessutan er det ei utfording i seg sjølv å omsetja ein poetisk tekst.

Det er fasinerande å kunna dykka så djupt inn i Bibelen si verd og inn i eit heilt anna språk og ein ny kultur, skriv Klaus-Christian Küspert.

Takka vera daglege video-konferansar, går gumuz omsetjingsprosjektet raskt fram. Innan utgangen av 2026 håper dei å ha fullført omsetjinga og revisjonen av Det gamle testamente. Det vil vera eit stort skritt for dei kristne i gumuzområdet og for heile gumuzsamfunnet, som då vil ha ein verdig plass i rekkja av «skriftspråka» og eit godt og trygt utgangspunkt for vidareutviklinga av gumuz sin kultur og identitet.

Voss sokn sitt misjonsprosjekt støttar Det Norske Misjonsselskap (NMS) sitt arbeid i Etiopia

Vipps-nr.: 505877 (Misjonsprosjekt)

Kontonr.: 3480 30 84647. Merk betalinga med «Misjonsprosjektet»



Trusopplæring i kyrkjene våre

T-DAG

[f Trusopplæringa i Voss](#)

Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Voss.

Trusopplæringsdagane kallar me T-dagar. Målet er at alle døpte i Den norske kyrkja skal bli inviterte til ein T-dag i kyrkja sin regi minst ein gong i året fram til dei fyller 18 år. På desse sidene vil de finna reportasjer frå det som har skjedd i trusopplæringa, oppgåver og konkurransar.

Kristuskransen

Ei perle som minnar om Gud, ei perle som minnar om det som er vanskeleg, to perler som minnar om kjærleiken- ei for kjærleiken oss i mellom og ei for kjærleiken Gud gir oss. Ei perle som minnar om håpet. Og ei om sorga. Kristuskransen favnar om heile livet. Dette er ein bønekrans som kan nyttast i kvardagen, som kan hjelpe oss gjennom både det som er tungt, men og gjennom det som er godt. Borna som er med på T10 (og T11 i Granvin), Kristuskransen, både lærer og opplever kva dei ulike perlene symboliserer. Dei lærer å lage kransen, som vert eit armband, men dei lærer også å bruka den. Å gjere bøn naturleg for borna er eit viktig verktøy for å gje livsmeistring. Gjennom trua og gjennom bøn får me ein reiskap til å takle både dei gode, men og dei vonde dagane.

Her får de sjå kva me gjer ved nokre av perlene.

T₁₀ Kristuskransen i Vangskyrkja



Gudsperla.

Den største og blankaste
av dei alle. Gud rommar
alt frå det største til det
aller minste i livet.



Kjærleiksperlene.

Me reparerer
øydelagte hjarter.



Dåpsperla.

I døypefonten opnar
bibelblomar seg med
eit bibelvers til kvar
enkelt.



T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈

T₁₀ Kristuskransen i Vinje kyrkje



Ørkenperla.
Me leitar i sanden
etter perla.



Nattperla.
Me trøystar kvarandre ved å
tørke tårer.



Me brukar Kristuskransen til å be
Vår Far.

T₁₀ / T₁₁ Kristuskransen i Granvin kyrkje



Me trer til slutt perlene
saman til eit armband.



Gjengen er
samla for
avslutning
og
repetisjon.



Gledesperla.
Me leiker og alle får
deilig godteri til
premie.



Tankar på tampen

I januar var konfirmantane frå Voss, Raundalen og Evanger og Bolstad sokn på leir på Helgatun. Noko av det eg synes er så fint med leir er at ein får eit unikt høve til å kome nærmare ungdomane. Å få oppleve at dei opnar tankane sine og å få vera med inn i deira verd. Ei verd som verkar ulik den eg vaks opp i som ungdom, men samstundes så veldig lik. Det er mykje av det same som skjer, men med andre rammer, td. ved bruk av ulike sosiale medier. Meir skjer "i det skjulte". Dei skal hevde seg på ulike arena, og mange får aldri det pusterommet dei treng. For oss vaksne er det lett å tenke at ungdomane er bråkete, vanskelege, skumle og uhøflege. Eg vil oppfordre oss alle til å tørre å møte ungdomen slik som me er og slik som dei er. Dei treng gode førebileter, dei treng varme smil. I staden for stadig tilsnakk treng dei varme og rettleiande ord. Kanskje me kan interessere oss meir for deira liv, i staden for å klage på det som irriterer oss. Kanskje rånaren hadde sett pris på ein kopp kakao og ein prat om hestekrefter. Kanskje gjengane me møter på butikken hadde sett pris på eit smil og eit venleg ord. Det er i lag me skal danne eit samfunn som er godt å leva i. Born og unge treng rettleiing på sine premissar. Dei treng støtte og gode ord. Dei treng det på skulen, dei treng det heime. Men dei treng det også av alle andre dei møter, meir eller mindre tilfeldig i samfunnet. Slik kan dei vekse opp og sjølv verte gode førebileter for andre. Jesus oppfordrar oss: "Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de òg gjera mot dei" (Matt. 7, 12)

Mi utfordring til deg er: gjer dagen god for deg sjølv, men gjer også dagen god for andre.

Camilla Velsvik, kyrkjelydspedagog

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



Barnas



Prikk til prikk



Vitsar

– Kva heiter den nye hunden din?
– Eg veit ikkje, han vil ikkje sei det.

Kvífor kan ikkje eg ringe når smultringar?

Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Fargelegg!

Jesus tok imot barna og sa at dei vaksne har mykje å lære av dei. Fargelegg biletet av Jesus og barnet.



Kryssord



1. Disippel i Johannes 20,26

2. Engel i Lukas 1,26

Hyllingsrop i Markus 11,9

3. Dyr i Markus 10,25

Tal i Apostel-gjerningane 27,28

Namn på Jesus i Matteus 1,23

4. Frø i 2. Korintarbrev 9,10

5. Namn på Jesus i Matteus 1,23

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

Teikning: Trevor Keen



Søndagsskolen – mer enn du tror

T₁ T₂ T₃ T₄ T₅ T₆ T₇ T₈ T₉ T₁₀ T₁₁ T₁₂ T₁₃ T₁₄ T₁₅ T₁₆ T₁₇ T₁₈



God stemning rundt bålpanna.



Tre av vaktene klare for kontroll i bibelsmuglarløypa.



«Stein-saks-papir» i ein versjon der me heier på kvarandre.

Glimt frå konfirmantane sin tur til Helgatun



I januar var alle konfirmantane i Voss, Raundalen og Evanger og Bolstad sokn, på konfirmanthelg på Helgatun. Kullet vart delt i to grupper som reiste kvar si helg. Dette er ein fin tradisjon me har hatt sidan slutten av 70-talet.

Tekst: RØNNAUG SKJELDAL

Å vere med på konfirmandtur til Helgatun er noko heilt anna enn det konfirmantane gjer til vanleg. Me syng og leikar i lag, me har undervising om ulike tema, me ber i lag, me er stille i lag, me heier på kvarandre, me er ute på ski eller lagar bål og steikar pinnebrød.

Laurdagskvelden har me bibelsmugling gruppevis gjennom ei løype som går rundt huset på Helgatun. I Norge er det ikkje uvanleg at det finst fleire biblar i heimane. I nokre land er det stor mangel på biblar og nokre land har forbod mot biblar. Konfirmskrittene greidde å smugle ein god del biblar

gjennom kontrollpostane der ungdomsleiarane var vakter.

Me avsluttar konfirmandturane med gudsteneste der bønene er skrivne av konfirmantane og songane er brukt gjennom heile helga.

I år var me så heldige at me hadde band begge helgene. Fleire av dei unge leiarane og prestane våre speler. Og på siste tur var fleire konfirmantar med å spele. Det er veldig kjekt at så mange deltek med ulike innslag og ting dei kan.

Noko av det vakraste me opplevde var når konfirmantane song «I fred vil eg legge meg ned å sove» i ka-



Band og forsongarar på ei av samlingane.

non. I år vart det så fint på første forsøk. Skulle ynske fleire kunne fått oppleve det.

Til saman var det 37 leiarar og 115 konfirmantar

fordelt på to helger. Og på Helgatun vert me tatt så godt vare på. Det er god mat og dei stiller opp og legg til rette for at både konfirmantar og leiarar skal ha eit bra opphold.



**VOSS
SPAREBANK**
BYGDA SIN BANK

post@vossabanken.no 56520300

**MYRK
DALEN**
myrkdalen.no



Vekselbanken

- ein god medspelar -

Telefon 56 52 35 00

- med tilbod til liten og stor

Voss Bokhandel

Vangsgata 27, 5700 Voss
Tlf. 56 51 11 16

**Me ordnar alt
vedrørande dødsfall**
Sal og service av gravmonument - Formidling av blomar

**VIRKE
GRAVFERD**
**Vinsands
GRAVFERDSBYRÅ**

Telefon 56 51 11 94 www.vinsand.no



**KULTUR
EVENT**

Lyd-, lysutleige
Musikalste tenester, direksjon
Arrangementsplanlegging
post@kulturevent.no

O.L.KYTHE AS
entreprenør

Melsvegen 7, 5710 Skulestadmo
Tlf. 56 52 38 60

VossEnergi
-rein vossakraft!

Pianostemmer Voss

På tide å stemme
pianoet?

pianostemmervoss.no Tlf. 99 43 53 36

UINJO

**KIWI mini
pris**
Kiwi Vangen
Tlf. 56 51 27 35

GRAVSTEIN

Nye gravmonument,
tilføyinger og oppussing – ta kontakt med:

STEIN & MERKE

Per Vinje – Tlf. 56 51 69 88 – 908 52 099

**Nordhordland
Begravelsesbyrå AS**

Ring oss på tlf. 56 37 14 10
eller sjå www.nordh-bb.no

**VIRKE
GRAVFERD**

Stort utvalg
i blomster og
gravminne!

KYRKIEVEGEN 1
5911 Alversund

FREKHAUG:
Havnevegen 31,
5918 Frekhaug

AVD. VAKSDAL:
Tlf. 56 99 25 70

Me går saman med deg heile vegen

Din røyrleggjar i sentrum

Snakk med
comfort
Helge Nikolaisen A/S

Installasjon - Service - Vedlikehald

Velkommen i butikken!

Tlf. 56 51 26 28
Vangsgt. 4, 5700 Voss

EQUINET FOR
NEDBØRSSTØTT

VESTLAND
TRAFIKKOPPLÆRING

Førarkort eller oppfrisking

9100 3101

post@vestlandtrafikk.no

UTTRÅGATA 36, 3. etg.



**VOSS MØBEL OG
TREVAREVERKSTAD AS**

Skyvedørskarmar
Loftstrapper
Inspeksjonsluker

**Voss bygg
og landskap**

Tlf. 474 42 514

Padlekurs på Elv og Hav – Teambuilding

www.vaattogvilt.no - Tlf 91374995



HMV Maskin
EIK Senteret Voss

**EIK
SENTERET**

Stolte tradisjonar, ny næring

Regimentsvegen 14
5705 Voss
+47 56 52 91 30
hmvooss.no
Verkstad og delelager

Anleggsgartner og trepleiar
GUNNAR LILLETHUN
Tlf. 901 19 315 • www.lillethun.no

Jesu siste dagar i Jerusalem



Jødisk påskefeiring

Utgangspunktet for den jødiske påskefeiringa er forteljinga om utferda frå Egypt i Det gamle testamente, i 2. Mosebok 12. Etter forskriftene her, og med den gamle bibelske kalender, feirar jødane påske i heimane sine kvelden til den 15. dag i månaden nisan. Som regel er dette nokolunde samstundes med vår kristne påske. Natta til den 15. nisan er det fullmåne, og det gjev noko av forklaringa på vår måte å fastsetja den kristne påsken: første dag etter første fullmåne etter vårjamndøgn.

Jesu påskefeiring

Utgangspunktet vårt er forteljinga i Markus-evangeliet:

Palmesundag: Jesus rir inn i Jerusalem – Mark. 11, 1-11

Måndag: Jesus reinsar tempelet – Mark. 11, 12-19

Tysdag: Jesus talar til folket, diskuterer med dei skriftlærde og underviser lærersuinane sine – Mark. 11,20-13,37

Onsdag: Bordfellesskap og festmåltid hjå Simon i Betania; Judas tilbyr seg å svika Jesus – Mark. 14, 1-11

Skirtorsdag: Førebuing til påske-måltidet, og Jesu siste måltid med lærersuinane. Vandring til Getsemanehagen – Mark. 14, 12-42

Langfredag: Jesus vert arrestert og ført fram for Kaifas, det høge råd og Pilatus, han vert krossfesta og dør – Mark. 14,43 – 15,47

Laurdag: Det er sabbat – Jesus kviler i grava

Påskedag: Jesus står opp av grava og viser seg for kvinnene og for lærersuinane – Mark. 16, 1-14

Tekst og foto: ARNE MOSEFINN

Som ein av mange tusen pilegrimar kjem Jesus til Jerusalem for å feira påske. Han har losji i Betania, ein av dei små landsbyane utanfor Jerusalem. Mest dagleg dreg han inn til tempelet og er med på det hektiske folkelivet både på tempelplassen og andre stader i byen. Han er ein jøde blant alle dei jødane som kjem til denne heilage byen for å feira den store påskefesten.

Palmesundag

Det er mest vanleg at Jesus går til fots, men det siste stykket over Oljeberget, får han derimot ri. Han rir på eit esel. Etter den bibelske tradisjonen skulle Messias koma ridande på eit esel. Og han blir møtt av store folkemengder som helsar han velkommen med helsingssalmen fra Salme 118: «Velsigna vere han som kjem i Herrens namn.» Så brer dei kappene sine og palmegreiner på vegen framfor han – palmegreiner som er eit fridomssymbol.

Han rir så nedover Kedronalen langs tempelmuren og bymuren, før han kjem inn i sjølvé byen gjennom den sørlege porten som leier inn i den gamle Davidsbyen. Der går turen forbi reinsingsbada og opp trappene til tempelområdet. Her blir han verande ei stund før han og lærersuinane dreg attende til Betania.

Måndag

Denne dagen går han til fots over Oljeberget og til tempelet. Inne på tempelområdet går Jesus og lærersuinane til søylegangane ved den sørlege enden av tempelområdet. Her heldt pengevekslarane og duehandlarane til. Under dei store høgtidene var det såleis ein hektisk aktivitet her. Det var berre Tyrus-myntar som galldt som be-


taling av tempelskatten, medan pilegrimane kunne ha med seg alle slags pengetypar. Pengevekslarane krevde eit gebyr for sine tenester, og det kunne føra til intense forhandlingar.

Duehandlarane sørga for offerdyr. Dei som ikkje hadde råd til eit offerlam, kunne i staden ofra to duer. I utgangspunktet var det difor ei naudsnytteneste som vart utført her. Men når Jesus ser på denne verksemda, tek han til å velta borda til pengevekslarane og benkane til duehandlarane. Ingen av dei som ser på dette ser ut til å reagera negativt. Dei vert heller slått av undring over det Jesus seier: «Det er skrive: Mitt hus skal vera eit bønehus, men de har gjort det til ei røvarhole.» (Jfr. Jes. 56, 7 og Jer. 7, 11).

Tysdag

Dette vert ein dag med undervisning og diskusjon. Jesus underviser folket på tempelplassen, diskuterer og samtalar med dei viktigaste gruppene i folket: med prestar og saddukearar, med skriftlærde og farisearar, ja, også med nokre grekarar som var komne for å feira påske.

– Saddukearane var ei prestegruppe som hadde namnet sitt frå øvstepristen Sadok som levde på David og Salomo si tid. Dei avvisste at dei døde kunne stå opp att. Jesus viser til vona om «å få sitja til bords med Abraham, Isak og Jakob i Guds evige rike» (jfr. Matt. 8,11). – Farisearane verkar å vera meir sympatiske personar for Jesus. Til ein av dei seier han også: «Du er ikkje langt borte frå Guds rike.» Når han så om kvelden går attende til Betania, stoggar han på Oljeberget og underviser lærersuinane om dei siste tidene, og at dei må vera vakne for tidarteikna.



Jerusalem sett frå Oljebjerget i dag. Dei kvite "klossane" er graver.



Onsdag

Denne dagen tek Jesus og fylgjet hans det med ro i Betania. Simon den spedalske har stelt til eit festmåltid heime hjå seg, og dei ligg rundt bordet og et gjæra (syra) brød for siste gong før påskehøgtida. Under måltidet syng dei truleg salmane til festreisene, salme 121 til 134. Det er salmar med tillit til Gud som leier sitt folk. Då kjem det ei kvinne berande på ei krukke fylt med nardussalve – ein svært dyr salve importert frå India. Ho heller salven over hovudet på Jesus. Sjølv om det fører til oppstyr og kritikk, seier Jesus at ho har gjort ei god gjerning. «Ho har salva kroppen min til gravferda».

Medan dette måltidet held fram, reiser Judas Iskariot seg og finn vegen til huset til øvstepresten Kaifas. Her tilbyr han seg å gje Jesus over til dei, og dei lovar han pengar for dette.

Torsdag

Torsdagen var dagen jødane starta med å eta usyra brød. Dette var og dagen prestane slakta påskelamma som skulle etast i alle heimane dagen/kvelden etter.

– No ber Jesus to av læresveinane sine om å gå inn i byen og finna ein stad der dei kunne halda påskehøgtid. Dei skulle møta ein mann som bar ei vasskrukke. Det var ikkje vanleg på den tid at menn henta vatn, så slik var det lett å finna rett person. For i Jerusalem var det eit mannskloster av essenarar, og difor var det menn som bar vatn til dette samfunnet. Det er truleg i essenarane sitt hus Jesus har feira påskemåltidet saman med sine nærmaste.

– Det at Jesus og læresveinane hans åt påskemåltidet torsdag kveld i staden for fredag, er også underleg. Det kan ha samanheng



Fra Via Dolorosa - med dagens turistar.

med at dei heldt til hjå essenarane.
Salen er stelt i stand, og dei legg seg ved bordet som

er dekka med beger med druevin, usyra brød, bitre urter og truleg også lamme-

>>



Frå ein av stasjonane i dagens Via Dolorosa. Reliefet syner Jesus med krossen (mest truleg bar han berre tverrstokken, ifr. teksten).

kjøt. Jesus er midtpunktet som leiar måltidet på tradisjonelt vis. Samstundes gjer han det annleis. Han bryt brødet og talar om sin kropp. Han lyfter begeret og talar om sitt blod.

Etter at dei hadde sunge lovsangen (Salme 116, 7-9 og 136, 23-26), gjekk dei opp mot Oljeberget – inn i Getsemanehagen. Her vil Jesus be. Han skjørnar kva som vil skje med han, men bed likevel om at Guds vilje må skje. Det er midnatt.

Fredag

Dagen startar tidleg for Jesus og fylgjet hans. Alt om natta kjem Judas saman med ein flokk frå den jødiske tempelvakta og frå den romerske militärmakta for å ta Jesus til fange. Frå Getsemanehagen fører dei han til hovudkvarteret til øvstepresten Kaifas. Peter fylgjer etter og blir avslørt som gallilear av ei tenestejente, men han nektar tre gonger for å ha kjent Jesus.

Så blir Jesus forhøyrt av Det høge råd. Det er ei forskriftsmessig rettssak, der vitneførsla ervaiklig. Men vitna er ikkje samstemte. Det avgjerande spørsmålet stiller Kaifas: «Er du Messias, Son til Den vel-

signa?» Og Jesus svarar: «Du seier det sjølv». «Kva skal vi med fleire vitne? De har hørt sjølv korleis han spottar Gud!»

Det er tidleg morgen når Jesus vert ført frå Kaifas til borga åt landshøvdingen Pilatus. Og Pilatus spør: «Er du kongen over jødane?» «Du seier det», svarar Jesus igjen. Elles er han taus. Pilatus prøver å vri seg laus ved å føreslå frigjeving av ein fange, men folkemengda ropar: «Gje oss Barrabas fri.» Og ropa frå folkemengda lyder: «Krossfest, krossfest!»

Jesus blir så overlevert til soldatane som spottar han og gjev han ei krune av klunger. Så fører dei han til rettarstaden gjennom Via Dolorosa. Han må sjølv bera tverrstokken som han skulle hengjast opp på, men var så utmatta at han ikkje klarde det. Romarane tvinga då ein tilreisande, Simon frå Kyrene, til å bera stokken.

Utanfor bymuren ligg Hovudskallestaden, Golgata. Her er det reist ein stolpe som tverrstokken skal festast på. Jesus vert spikra/bunde til tverrstokken og heist opp. Deretter vert føtene spikra til stol-



Nedtakkinga av krossen. Måleri i Gravkyrkja.



pen. Slik kjem døden langsamt og smertefullt som ei slags kveling.

Men Jesus er så mishandla og utmatta at døden kjem tidleg – ved den niande timen, dvs. kl. tre.

Med løyve frå Pilatus får Josef frå Arimatea, ein av rådsherrane, lov til å ta hand om Jesu døde kropp. Han disponerer ei familigrav ikkje langt unna. Grava er hogd ut i fjellet. Han sveiper Jesus i eit lin-klede, legg det i grava og får rulla ein stor stein framfor.

Laurdag

Så kan sabbaten ta til – jødane sin kviledag. Lærersveinane sit saman redde og forlatt. Men det er også andre som er engstelege: dei skriftlærde. For dei minnes det som Jesus har sagt: på den tredje dagen skal han stå opp att. Difor får dei romarane til å halda vakt ved grava slik at ingen skal stela kroppen.

Sundag

Når natta vert morgen denne første dagen i veka, syner englar seg ved grava. Ho vert opna med romerske soldatar og jødiske kvinner til stades. Jesus er

stått opp. Maria Magdalena, Maria mor til Jakob og Salome hadde tidleg om morgonen kjøpt angande oljer som dei ville salva Jesus med. Dei ser at steinen er rulla vekk, og går inn i grava. Der møter dei ein engel som seier: «De leitar etter Jesus frå Nasaret. Han er stått opp, han er ikkje her. Sjå, her er staden dei la han.» Og linkleda som han var sveipt i og hovudkledet ligg der samanrulla.

Dei fire evangelia skildrar denne hendinga noko ulikt, men alle er samstemde om at Jesus er stått opp frå dei døde. Dei fortel også at Jesus synter seg for lærersveinane i ulike situasjonar.

Denne åttande dagen er samstundes den første dagen i ei ny tid som enno varer ved.

Denne teksten byggjer på boka «Åtte dager i Jerusalem» av Ole Chr. Kvarme, Verbum forlag 1996. Boka inneheld i tillegg kapittel om jødisk påske og korleis vi kan feira påske i dag. Alle kapittel er fylte med gode grunngjevingar og tilvisinger til dei profetiske orda om Jesus.



Våren 2024

Seniortreff

Velkomen til seniortreff i Vonheim
tysdagar kl. 12.00-14.30.

Her vert det ulike kulturelle innslag og tema, andakt og allsong, og eit godt måltid med ein kopp kaffi med noko godt å bita i. **Pris kr 150,-**

Har du bruk for skyss, har me kjekke skysskarar.
Ring tlf 47 84 91 34, gjerne kvelden før.

Vårprogram 2024

- 12. mars:** Frelsesarmeens Voss. Korpsleiar Kathrine Seedell.
9. april: Jakob Sande v/ Bernt Daltveit.
7. mai: «Per Sivles dikting». Einar Midtun.
11. juni: Ikkje fastsett program.



Bilete frå treffet i januar: Heidi Kvelvane på saxofon og akkordeon.

Årets fyrste treff

På vårt fyrste seniortreff i år var vår nye ordførar Tonje Såkvitne invitert. Ho fekk med seg mange spørsmål om eldreomsorga i heradet, med stort engasjement frå salen. Me hadde også besøk av jazzmusikar Heidi Kvelvane.

Flyktningane som er komne til Voss

Som de alle kjenner til så har mange flyktningar no kome til Voss på mottak på Liland og Jarl. Her skal dei bu til dei har fått ein ny bustadkommune ein stad i Noreg.

Det har frå fyrste dag vore trøng for klede, sko og leiker. Mykje er samla inn på gudstenester og det er høve til levering på kyrkjekontoret.

Me vil med dette retta ei STOR TAKK til kvar av dykk som har vore med å gje og slik gjort kvar dagen litt betre for våre medmenneske på flukt frå krig og øydeleggingar.

Me vil også få takk alle som gav jolegåver som vart samla inn i kyrkja jolaftan og 1. joledag.

7. januar var medlemmar fra Voss sokneråd med og overleverte gåvene. Det vart ei sterkt og fin oppleving å få ta del i. Mottaksleiar hadde samla flyktningane i stova der ei og ei gav vart lese opp. Jente 6 år, gut 10 år, ungdom og dei kom fram ein og ein og fekk ei gave. Me såg glede i ansiktet hjå dei alle.

Etterpå vart det delt ut klede som me hadde med og dei fleste fekk seg noko nytt og nødvendig denne kvelden.

Ein stor pose med varme heimestrikka labbar var også kome inn og dei vart delt ut til familiar med rett storleik til stor glede.

Når me diakonane er innom mottaka seier bebuarane ofte: "Alle i Noreg er så snille og hjelsame" og dei er så takksame for å kjenne seg trygge.

På mottaket vil det framleis vera trøng for klede, sko og leiker. Dette då flyktningane bur ei kort tid før dei får bustadkommune og så kjem det nye flyktningane til.

Me i kyrkja tek imot vidare



med stor takk og tek gjerne imot på kyrkjekontoret.

Har de spørsmål, ta kontakt med diakonane: Anja K. Slåtten, tlf. 417 04 958 eller Sigrid Djukastein Mala, tlf. 478 49 134.

SupertySDAG

i Vosheim, våren 2024

9.4 30.4 28.5

VelKomne!



SUNDAGSSKULE

i Bolstadøyri bedehus

3. mars kl. 11.00-13.00

10. mars kl. 14.00-16.00 (Etter gudsteneste og årsmøte)



4. - 6. klasse: 18 - 20

7. - 10. klasse: 20 - 22

22/3, 12/4, 3/5, 31/5 og sommaravslutning 21/6

Her er samlingsstund med kvelds, song og andakt og ulike aktivitetar/spel som biljard, playstation, filmkveld, bingo, mat, strikkehørne og trygge vaksne du kan prata med om det er noko.

Fredagsklubben er gratis!

Kontakt: Anja Slåtten 41704958/ Gro Samland 47907900



HAR DU LYST TIL Å VERE MED I EI BIBELGRUPPE?

Om du ønsker å vera med i ei bibelgruppe, eller kjenner nokon som du trur kan ha glede av det, så er du hjartelig velkommen til å ta kontakt for meir informasjon.

Anja Kristin Slåtten, diakonimedarbeidar:
as257@kyrkja.no tlf. 41 70 49 58


Hans-Christian Küspert, sokneprest:
hk782@kyrkja.no tlf. 95 45 05 72

OPEN KYRKJE

frå kl. 18.00-19.00
18. og 25.mars, 8., 15., 22. og 29. april.

Her er det rom for å tenne lys, stillheit eller bøn.
Tidebøn frå kl. 18.00.

Velkommen inn!



Påskekonkurransen!

Kor mange påskekyllingar finn du gjøymd i bladet?

(Ta med dei du finn på denne sida også!)

Når du tenkjer du har funne alle, sender du talet til **post.voss@kyrkja.no**
Hugs namn og adresse.


Tre heldige vinnarar får eit påskeegg!
Premien vert trekt tysdag 18. mars og vinnarane får direkte melding og namnet i neste Kyrkjenytt!

Påske i Vangskyrkja

I år skal vi feira tidleg påske. 24. mars er palmesundag, som inndeier den stille veka, og så kjem sjølve påskehøgtida helga etter. I dei fleste kyrkjer i landet vårt blir det feira ein eller to gudstenester i påskehelga, og slik er det også i sokna rundt om i Voss. I dei store kyrkjene har ein gjerne gudstenesta både skjærtorsdag, langfredag, påskennatt og 1. og 2. påskedag. Det gjev eit unikt høve til å markere høgtida heilskapleg.

Med dette i tankane har den norske kyrkja utvikla ein ny liturgi for det dei kallar «dei heilage tre dagane», altså skjærtorsdag, langfredag og påskennatt. Saman med den vanlege høgtidsgudstenesta 1. påskedag skal desse gudstenestene utgjera ein heilskap som tek kyrkjelyden med gjennom dei store emosjonane og dramatiske hendingane som skjedde den påska Jesus døydde og stod opp.

Denne liturgien var ferdig til utprøving i fjar, og vi testa han ut på skjærtorsdag og langfredag med svært gode tilbakemeldingar. I år blir liturgien rulla ut i heile landet, og på Voss har vi bestemt oss for å ha med påskennattgudsteneste òg, laurdag 30. mars klokka 23.00. Her vil eg skriva litt om dei ulike gudstenestene, for å inspirera og invitera deg med inn.



Skjærtorsdag (kl. 19.30) er dagen Jesus feirar det siste måltidet med disiplene sine, før han går ut i Getsemane for å be, der han blir teken til fange. Gudstenesta startar som ei vanleg hovudgudstenesta med nattverd. Det er avslutninga på gudstenesta som er spesiell. Etter at nattverden er ferdig blir siste salme sungen. Så blir eit utdrag lese frå teksten frå Gestemane, med roleg bakgrunnsmusikk, før alteret blir dekt av. Alterlysa blir sløkte, og lysa i kyrkja elles blir òg sløkte. Så blir alterlys, messehakel, blomstrar, nattverdsutstyr og alt anna på alteret bore ut, før alteret blir dekt til av eit svart klede. Til utsending seier liturgen «Timen er komen. Menneskesonen skal gjevast over i syndarhender. Stå opp, lat oss gå!», og folk går ut i natta.

Langfredag (kl. 11.00) finn vi kyrkja slik vi forlét den kvelden før, med alteret tildekt og lysa sløkte. Gudstenesta er veldig

anneleis enn elles, med lite liturgi, og mykje musikk. I staden for tre ulike tekstar, blir lidingshistoria lese, med musikk mellom tekstdelane før det blir ei kort preik. Etter preika har vi ein krossmeditasjon, der krossen blir boren inn, før den blir sett i koropninga. Så blir det spelt musikk og folk kan meditera over Jesu offer på korset, anten i benkeradene, eller ved å koma fram og knela ved krossen. Etter ei lengre forbøn blir gudstenesta avslutta. Både skjærtorsdag og langfredag blir velsigninga utelaten i slutten. Dette blir gjort for å markera samanhengen mellom dei tre gudstenestene, slik at dei kan sjåast på som ei lang gudsteneste som strekkjer seg over tre dagar, snarare enn tre separate seremoniar.

Påskennattgudstenesta (kl. 23.00) eller Påskevigilien er den eldste kjende forma for vigilie (vakenatt) som er kjent i kyrkja, og har røter tilbake til det andre hundreåret. Utvalde delar

av det gamle testamentet blei då lese gjennom natta. Dåp av nye kristne fann også stad i denne gudstenesta. I vår tid er liturgien for vasegudstenesta på påskeaftan restaurert, og består no av ei inndeiling med lys, lesing av tekstar frå det gamle testamentet og dessutan frå romarbrevet og evangeliet, påminning om dåpen og nattverdsfeiring. Det er starten av gudstenesta med lysprosesjonen som er det aller mest spesielle med denne gudstenesta, men også den lange tekstlesinga med bønner mellom tekstane er heilt spesiell. Alteret skal dekkjast igjen, lysa tennast og gloria skal syngast for første gong sidan fastelavnssøndag, for i denne natta stod Jesus opp frå dei døde, vann over døden og gav oss liv og håp.

Vi håpar at du har lyst til å markera dei heilage tre dagar saman med oss i Vangskyrkja, og på den måten dykka djupare inn i krossfestinga si liding, og oppstoda si glede. Du er sjølv sagt også hjarteleg velkommen til høgtidsgudstenesta 1. påskedag klokka 11.00, og 2. påskedag klokka 19.00. Gudstenesta 2. påskedag skal ha eit lettare preg, med bandspeling og dåp av konfirmandar.

Vel møtt!

Hans-Christian Küspert – sokneprest på Voss

**DÅP,
KONFIRMASJON,
BRYLLUP,
MERKEDAGER OG
SMÅ OG STORE
SELSKAP**

T: 56 52 05 00

Asta, Fredrik,
Sigrid og Marie
Fleischer

Kontakta oss om du ønsker
informasjon om
dåp, konfirmasjon,
bryllup, merkedager
og små og store
selskaper.

DET ER NOE MED FLEISCHER'S

Hit kom de, prinser og prinsesser, konger og dronninger, fyrster og keisere. Til Voss. Til sin forbauselse ankom de så et hotell med en forunderlig velkjent atmosfære av fornemme, kontinentale vaner, av danned gjestfrihet.

MED TRADISJON FOR STORSLAGNE BEGIVENHETER



56 52 05 00 hotel@fleischers.no fleischers.no

Om Kyrkjenytt:

Kyrkjenytt vert utgjeve av Voss kyrkjelege fellesråd saman med sokneråda i Evanger og Bolstad, Voss, Raundalen, Oppheim, Vinje og Granvin.

I redaksjonsnemnda sit: Bjørg Helland, Ellen Iren Johansen Århus, Heidi Hisdal, Jan Ivar Rødland, Margunn Mørkve, Knut Skiple og Ingrid Kløve-Graue. Svein Tøsse er redaktør.

Grafisk produksjon: Vaksdalposten
Trykkeri: Molvik Grafisk AS
Opplag: 7300 eksemplar

Kyrkjenytt for Vossabygdene kjem ut som fulldistribusjon. Det tyder at det vert lagt i postkassene til alle husstandar i Voss herad.

Framsidebilete: Åshild Bøe Kharazmi

Kyrkjekontoret på Voss:

Opningstider:	Måndag-fredag 10-14 (onsdag 10-15)
Telefontider:	Måndag-fredag 10-14
Besøksadresse:	Uttrågata 5
Postadresse:	Voss kyrkjelege fellesråd, PB 49, 5701 Voss
Telefon:	56 52 38 80
E-post:	post.voss@kyrkja.no
Kontonr:	3480.16.45293 www.voss.kyrkja.no

*Informasjon om gudstenester,
trusopplæringstiltak, påmelding
til dåp og mykje anna finn du på
www.vosskyrkja.no*

Prestetenesta:

Prost i Hardanger og Voss	Arild Hellesøy Tlf 906 99 533. E-post: ah539@kyrkja.no
Sokneprest i Voss	Hans-Christian Küspert Tlf 954 50 572. E-post: hk782@kyrkja.no
Fungerande sokneprest i Vinje, Oppheim og Raundalen	Arnulf Sandvik Tlf 416 75 653. E-post: as794@kyrkja.no
Sokneprest i Evanger og Bolstad	Frode Kvamsøe, Tlf 901 96 514. E-post: fk796@kyrkja.no
Prestevikar	Bengt Arvidsson Tlf 902 58 161. E-post: ba735@kyrkja.no
Sokneprest i Granvin og Ulvik	Anne Marthe Ulvik, tlf 92435096 E-post: au237@kyrkja.no

Soknerådsleiarar:

Evanger:	Anny Forthun Tlf 481 36 520.
Voss:	Bjørg Helland Tlf 938 56 326.
Oppheim:	Christine Kalsås Tlf 911 33 556.
Vinje:	Rigmor Ulvund Tlf 990 33 293.
Raundalen:	Nanna Nordahl Tlf 917 58 826.
Granvin:	Sigvor Melve Schrey Tlf 911 32 608.

Kyrkja på Voss er på Facebook. Følg oss!



Skann meg!

Bruk ein mobiltelefon
og skann denne qr-
koden anten med ein
qr-app eller via kamera
(Apple-produkter).

**Neste nummer kjem i vike 18.
Frist for melding om stoff er
onsdag 10. april.**

Voss kyrkjelege fellesråd:

Kyrkjeverje	Svein Tøsse Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no
Kontorleiar	Vibeke Lemme Rasdal Tlf 922 45 274. E-post: vl454@kyrkja.no
Kateket	Rønnaug Eng Skjeldal Tlf 952 62 025. E-post: rs625@kyrkja.no
Kyrkjelydspedagog	Camilla M. Velsvik Tlf 995 18 194. E-post: cs222@kyrkja.no
Trusopplæringsmedarbeidar	Åshild Bøe Kharazmi Tlf 952 98 681. E-post: ak649@kyrkja.no

Diakon	Sigríð Djukastein Mala Tlf 478 49 134. E-post: sm435@kyrkja.no
Diakonimedarbeidar	Anja Slåtten Tlf 417 04 958. E-post: as257@kyrkja.no
Ungdomsprest	Vetle Leksbø Tlf 947 93 477. E-post: vl555@kyrkja.no
Kantor	Astrid Gjestvang Tlf 958 56 414. E-post: ag678@kyrkja.no
Organist	Frode Vik Tlf 952 62 084.
Organist	Ellen Marie Selland Geithung Tlf 980 64 594.
Organist	Edyta Bryk Tlf 954 30 695.
Kyrkjetenar på Bolstad	Anny Forthun Tlf 481 36 520.
Kyrkjetenar på Evanger	June Mykkeltvedt Tlf 934 46 884.
Kyrkjetenar på Voss	Thomas Velsvik Tlf 414 75 383.
Kyrkjetenar i Granvin	Ingvild Baartvedt Tlf 468 98 970.
Kyrkjetenar på Oppheim og Vinje	Trond Olav Neteland Tlf 957 02 327.
Kyrkjetenar i Raundalen	Nils Lid Tlf 901 36 496.
Oppsynsmann for kyrkjegardane	Hege Ukvitne Tlf 918 74 201.
Redaktør i Kyrkjenytt	Svein Tøsse Tlf 959 79 905. E-post: st545@kyrkja.no
Kontormedarbeidarar	Idunn Holen, Lene Brunborg og Ingrid Kløve-Graue.



Gravplass i Voss

Gravplassadministrasjonen i Voss herad

har kontor i Uttrågata 5 (Kyrkjunet),
tlf 56 52 38 80.

Gravplassforvaltar
er Svein Tøsse.



Kyrkjelege handlingar

DØYPTE

Voss sokn:

12.11 Amalie Midtbø Tharaldsen
 12.11 Julie Johansen Hovland
 12.11 Ella Børve Halseth
 12.11 Elanor Rønningen Gjelland
 26.11 Ola Ommundsen Songve
 26.11 Theis Bremer Hope
 03.12 Sunniva Hop Klette
 03.12 Joar Seim Rasdal
 03.12 Synva Bekkenes Himle

03.12 Elise Draugsvoll Kløve
 03.12 Mari Lid Kaldenbach
 09.12 Ylva De Lange Skjervheim
 16.12 Beatrice Cecilie Larsen
 14.01 Olav Johnsson Kvale
 14.01 Oliver Lemme Slettemark
 14.01 Jakob Skorpen Slettemark
 21.01 Ellinor Dale Ese
 21.01 Loke Laupsa Andreassen

28.01 Olav Mongstad
 28.01 Henrik Ringheim Børsheim
 28.01 Johannes Gjerstad Lid
 28.01 Niklas Vevletveit Nyre
 28.01 Noah Carlsen Brekke
 28.01 Sander Nummedal Claussen
 04.02 Eira Horvei Rogne

VIGDE

Voss sokn:

09.12 Live Maria Hyden De Lange og Ottar Skjervheim
 16.12 Lorraine Frampton Bratlie og Lars Foss Borge

Vinje sokn:

23.12 Ranveig Gilbakken og Anders Hegland Lauritzen

DØDE

Voss sokn:

16.11 Kåre Johannes Mangersnes
 16.11 Ragnhild Skjoldli
 16.11 Kirsten Opkvitne
 17.11 Sjur Nesheim-Hovda
 21.11 Marita Nestås
 21.11 Bodil Selberg
 24.11 Aslaug Jordal Fjose
 01.12 Nils Daniel Lie
 05.12 Solveig Vivås
 19.12 Aashild Bratland
 22.12 Marta Agnes Melve
 23.12 Marit Kirsten Eikefjord
 22.12 Anders Gjøstein
 30.12 Bjørg Helene Næss
 01.01 Liv Vinsand
 04.01 Margit Gjeråker Hagen
 04.01 Dorthea Tøn
 06.01 Tora Bergljot Tønder
 06.01 Agnes Irene Ohnstad Eikefjord
 06.01 Else Berit Røthe
 10.01 Kåre Kristian Jansen
 11.01 Hallgeir Lunde
 13.01 Jan Olav Vines

1933 17.01 Ingrid Marie Torgrimsen 1929
 1935 19.01 Sjur Herre 1941
 1925 20.01 Bjarne Danielsen 1928
 1945 21.01 Kjell Magne Ringheim 1954
 1931 30.01 Vigdis Mjøs Wæhle 1945
 1950 02.02 Magnhild Aase Sandvik 1931
 1945 02.02 Torbjørn Breistein 1949
 1936 06.02 Ivar Oddvin Molde 1949

Evanger og Bolstad sokn:

25.11 Ingebjørg Århush 1932
 26.01 Per Konrad Bjørvik 1936

Granvin sokn:

22.11 Amanda Brekke 1969
 24.12 Nils Kolskår 1940
 20.01 Greta Folkedal 1935

Vinje sokn:

27.12 Alvild Nybø 1932
 07.01 Kåre Gjerald 1938

Gudstenesteliste

Oppheim kyrkje:

- 31.03 kl 11.00 Påskedagsgudsteneste v/Sandvik.
28.04 kl 11.00 Gudstenste v/Sandvik.

Vinje kyrkje:

- 10.03 kl 11.00 Gudsteneste v/ Sandvik.
Kyrkjekaffi og årsmøte.
28.03 kl 20.00 Helgatun. Skjærtorsdagsguds-
teneste v/Sandvik.
29.03 kl 20.00 Påsken i ord og toner v/Sandvik.
07.04 kl 11.00 Gudsteneste v/Sandvik.

Granvin kyrkje:

- 17.03 kl 16.00 Familiegudsteneste, T7 v/Küspert.
28.03 kl 18.00 Skjærtorsdag. Kveldsgudsteneste.
Nattverd v/Ulvik.
31.03 kl 14.00 Mælandshagen. Påskedagsguds-
teneste. Nattverd v/Ulvik.
14.04 kl 11.00 Gudsteneste v/Ulvik.
26.04 kl 18.00 Samtalegudsteneste med
konfirmantane v/Ulvik.
05.05 kl 11.00 Konfirmasjonsgudsteneste v/Ulvik.

Raundalskyrkja:

- 29.03 kl 12.00 Brekkestølen. Friluftsgudsteneste.
31.03 kl 10.00 Mjølfjell kapell. Påskedagsguds-
teneste v/Øystese.
21.04 kl 17.00 Gudsteneste v/Sandvik.
Kyrkjekaffi. Årsmøte.

Bolstadøyri bedehus:

- 10.03 kl 11.00 Gudsteneste v/Kvamsøe.
Nattverd. Årsmøte for bedehuset.
28.04 kl 11.00 Gudsteneste v/Kvamsøe.
Nattverd. Kyrkjekaffi.

Evanger kyrkje:

- 24.03 kl 11.00 Palmesundag. Borna sin påskefest
v/Kvamsøe. Bønevandring. Kyrkjekaffi.
14.04 kl 17.00 Gudsteneste v/Bø. Nattverd. Kyrkjekaffi.

Vangskyrkja:

- 10.03 kl 11.00 Misjonsgudsteneste med dåp v/Hellesøy.
Etter gudstenesta vert det misjonsbasar i
Vonheim.
17.03 kl 11.00 Familiegudsteneste med nattverd
v/Küspert.
24.03 kl 11.00 Palmesundag. Jazzmesse med nattverd
v/Küspert.
28.03 kl 19.30 Skjærtorsdag. Gudsteneste med nattverd
v/Küspert.
29.03 kl 11.00 Langfredag. Gudsteneste v/Küspert.
30.03 kl 23.00 Påskenatt . Gudsteneste v/Küspert.
31.03 kl 11.00 1. påskedag. Høgtidsgudsteneste med
dåp og nattverd v/Küspert.
31.03 kl 11.00 1. påskedag. Hamlagrø bedehus.
Høgtidsgudsteneste v/Leksbø.
01.04 kl 19.00 Kveldsgudsteneste med dåp av
konfirmantar v/Leksbø.
07.04 kl 11.00 Gudsteneste med dåp v/Hellesøy.
14.04 kl 11.00 Vonheim. Familiegudsteneste med
nattverd v/Leksbø og Küspert.
T4, utdeling av barnebiblar.
21.04 kl 11.00 Gudsteneste med dåp v/Küspert.
28.04 kl 11.00 Folkemusikkmesse med nattverd
v/Hellesøy.

Ver merksam på at det kan komma endringer

på oppsette gudstenesteliste!

Følg med i avisas Hordaland eller på www.voss.kyrkje.no

VOSS SOKN SI GJEVARTENESTE

Ynskjer du å bidra litt ekstra til kyrkja sitt lokale arbeid på Voss?

Brenn du for musikk, diakoni eller ungdomsarbeid? Du kan støtte arbeidet
vårt ved å gje eit beløp til kyrkja si gjevarteneste.

Ingen beløp er for store, ingen beløp er for små. Me har endra konto for gåver.
Alle gåver må setjast inn på kontonummer 3480 30 84647.

Du kan også sende pengar på VIPPS til 127376 (Vangskyrkja).
Hugs å merkje innbetalinga med kva du ynskjer at pengane skal gå til.

Helsing Voss sokneråd